

Notat til innspelsmøte 5. april 2018 - Oppdatering av nasjonal jordvernstrategi

Eit einstemmig Storting vedtok den 06.02.2018 å be regjeringa om å leggje fram ein revidert/oppdatert jordvernstrategi i samband med budsjettframlegget for 2019. Vedtaket kom i samband med behandling av to representantforslag

Fleirtalet i næringskomiteen meinte at regjeringa må utgreie, vurdere og eventuelt føreslå tiltaka nemnd i representantforslaga, i tillegg til andre tiltak som kan bidra til å redusere nedbygginga av dyrka og dyrkbar mark.

I dette notatet omtalar vi forslag til tiltak som vi ønskjer synspunkt på. Vi refererer først tiltaka nemnd i representantforslaga, og så omtalar vi tiltaka i regjeringa sin jordvernstrategi.

Representantforslaga

I. Representanten frå MDG fremma følgjande forslag:

1. *"Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til endringer i jordlova som gir dyrka og dyrkbar jord et reelt vern gjennom en vesentlig innstramming av muligheten for dispensasjoner fra det generelle kravet om at dyrka og dyrkbar jord ikke skal brukes til andre formål enn matproduksjon.*
2. *Stortinget ber regjeringen sørge for at dispensasjon fra vernet av dyrka og dyrkbar jord kun kan gis av en nasjonal planmyndighet.*
3. *Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om en egen hjemmel i jordlova som gjør det mulig å gi den mest fruktbare matjorda varig vern.*
4. *Stortinget ber regjeringen gi Fylkesmannen økte ressurser og myndighet til å stanse lokale vedtak om nedbygging av dyrka og dyrkbar jord frem til en ny jordlov er på plass.*
5. *Stortinget ber regjeringen skjerpe inn og fremme forslag om å lovfeste måltallet for nedbygging av matjord.*
6. *Stortinget ber regjeringen innføre krav om jordflytting og etablering av erstatningsområder for dyrka og dyrkbar jord som går tapt eller mister sin funksjon.*
7. *Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til endringer i jordlova som gjør det lettere å følge opp brudd på jordlova inkludert ulovlig nedbygging av dyrka og dyrkbar jord."*

II. Representantane frå Sp fremma følgjande forslag:

1. *"Stortinget ber regjeringen snarest mulig gjennomføre de tiltakene som ligger i jordvernstrategien.*
2. *Stortinget ber regjeringen sørge for at Fylkesmennene sikrer jordvern hensynet gjennom mer aktiv bruk av innsigelser i jordvernsaker.*
3. *Stortinget ber regjeringen i løpet av våren 2018 legge frem en sak for å sikre åpenhet rundt og begrense bruken av opsjonsavtaler om utbygging av dyrka mark og dyrkbar jord."*

Regjeringa sin jordvernstrategi

Dette er dei 17 tiltaka som er omtalt i den gjeldande jordvernstrategien:

1. Nasjonalt jordvernmål
Stortinget har fastsatt det til under 4 000 dekar dyrka jord årleg, - gradvis innan 2020.
2. Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.
Jordvernet er innarbeidd og forventningane blir brukt av fylkesmennene i si rettleiing av kommunane. Nye forventningar skal lagast i år.
3. Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
Omsynet til jordvern er godt innarbeidd og blir brukt av fylkesmennene i si rettleiing av kommunane (fortetting, høg utnytting, alternativ mm).
4. Formidling av nasjonal jordvernpolitikk
Løpande arbeid. Sendte brev til kommunane 8. mars 2016, og vurderer å sende eit nytt. Opplæring av nye lokalpolitikarar og nasjonal og regionale jordvernkonferanser er gjennomført.
5. Regionale areal- og transportplaner.
Løpande arbeid. Vestfold fylkeskommune vil bli nytta som eit godt eksempel, saman med Østfold, Nord-Trøndelag og Troms.
6. Byutviklingsavtaler og bymiljøavtaler.
Løpande arbeid. Dei første byvekstavtalene blei inngått hausten 2017.
7. Konkretisering av nasjonale jordverninteresse.
Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tatt opp behovet for å klargjere nasjonale og viktige regionale interesse i planlegginga med andre departement. Foreløpig har Landbruks- og matdepartementet (LMD) vist til statsråden sitt brev av 08.03.2016 til kommunane.

8. Rettleiing om fortetting, transformasjon og konsentrert utbygging.

Løpande arbeid. I LMD-ministeren sitt brev av 8. mars 2016 peikar han på at fylkesmannen må rettleie kommunane om planlegging.

9. Spreidd utbygging.

SSB har i samarbeid med NIBIO laga ein rapport om "faktisk nedbygging", i motsetning til planlagd og godkjend nedbygging som blir registrert i KOSTRA. I denne rapporten er også landbruket sin eigen nedbygging registrert. Rapporten viser at landbruket sjølv sto for 22 % av alle typar nedbygging i perioden 2004-2015, og i gjennomsnitt 1 750 daa årleg. SSB har fått i oppdrag å sjå nærare på denne typen nedbygging, og vil snart leggje fram resultata.

10. Beslutningsprosessar i KVU og KS1.

Jordvern er i NTP, kap. 11.5 omtalt som ei nasjonal interesse som transportetatane, Avinor og Nye Veger AS skal vie stor merksemd.

11. Konsekvensanalysar i samferdsleprosjekt – ikkje-prisette konsekvensar.

Vegdirektoratet har nylig revidert utgåve av handbok V712 om konsekvensanalyser.

12. Jordflytting

Det er komen ein del nye opplysingar om jordflytting i det siste, både som erfaringar frå samferdselsprosjekt, gjennom krav i planer og gjennom ein NIBIO-rettleier.

13. Plankompetanse

Løpande arbeid.

14. Kommunestruktur og –storleik

Arbeidet pågår.

15. Fagleg kunnskapsgrunnlag

NIBIO vidarefører sitt arbeid med å skaffe fram og formidle kunnskap i samarbeid med Landbruksdirektoratet.

16. Evaluering av plan- og bygningsloven

Eit større forskingsprosjekt, EVAPLAN er i gang med evaluering.

17. Nasjonal jordvernpris

Prisen er etablert og skal bidrege til å auke merksemda om jordvernet, særlig i kommunane, og få fram gode idear og eksempel på tiltak, planer og strategiar for å ta vare på dyrka mark.